

Stårheim elveeigarlag  
v/Ole Martin Rafshol  
Stårheimsdalen 260  
6777 STÅRHEIM

Stårheim 31.10.2022

NVE  
Fråsegn saknr:201907463

[uttalelse@nve.no](mailto:uttalelse@nve.no)

Også sendt til Stad kommune  
[post@stad.kommune.no](mailto:post@stad.kommune.no)

## Revisjon av vilkår for regulering av Åmelavassdraget, Stårheimsavsnittet.

Vi stiller oss undrande til kvifor ikkje grunneigarane i Stårheimselva er spesielt invitert til å kome med høyringssvar i denne revisjonen. Det sørlege Løysingvatnet og elva vår er ein del av det området som er berørt av utbygginga. Begge Løysingvatna skulle naturleg rent ut i Eidsfjorden og særleg den nordlege delen av elva er prega av reguleringa.

Nordre delar av Stårheimsdalen er eit område som er mykje brukt til friluftsliv ved turgåing, fiske og bading. Med unnatak av reguleringa av elva er det eit kulturlandskap bestående av gamle støylovollar, små reser, våtmark og fritt for kraftlinjer og vegar.

I skjønnnet for Åmelavassdraget sagt 2dre og 3dje februar 1977 vart det bestemt at det skulle sleppast minstevassføring på 75 l/s i perioden 1.mai til 15. september og 30 l/s i perioden 15.september til 30.april til Stårheimselva.


Tussa skulle setje opp og halde ved like ein vassmålar på trygg stad i elva slik at det skulle vere enkelt for grunneigarane å sjå om minstevassføringa var tilstrekkeleg. Grunneigarane vart i skjønnnet pålagde å varsle Tussa når vassføringa nærma seg eller var under minstekravet.

Det vart støypt ein måleterskel tvers over elva ca på kote 75 med utsparingar for måling av vassmengda. Etter nokre år var denne måleordninga skada av steinmassane under flaumane og det har vore umogleg å sjå om minstevassføringa er oppfylt.

I dei fyrste tiåra var det enkelte grunneigarar som varsla om lite vatn i elva pr. telefon til Tussa, men det viste seg å vere ein seig materie å få Tussa til å sleppe vatn ut i Stårheimselva. Med det vi kjenner til har det dei siste tiåra ikkje blitt gjort noko forsøk, kanskje feilaktig, på å få Tussa til å sleppe vatn ut i elva vår.

Vi kan difor bekrefte som Tussa skriv i kommentarane til kravet om revisjon at det ikkje er slept minstevassføring til Stårheimselva dei siste 20-25 åra. Vi må understreke at ein praksis med å ikkje utføre eit rettsleg pålegg, ikkje kan vere eit argument for å halde fram med dette.

Under ser de eit par bilete frå den støypte måleterskelen teke den 6. august 2021: Måleterskelen i venstre bilete og restane av aluminiumsplata med utsparingar til høgre. Legg merke til vassføringa den dagen!



Tussa skriv og i punkt 4.12 at «frukt dyrkinga i Stårheimsdalen er i stor grad nedlagd».

Det er no ein gong slik at det er og har vore ei drift på gardane i Stårheimsdalen som endrar seg med tidene og som treng vatn til ymse bruk. Vi har framleis aktive fruktgardar og fleire har mindre frukt- og bærhagar. Ein av gardbrukarane driv med ymse grønnsaker og sel gjennom Rekoringar, desse grønnsakene treng vatn i tørkeperiodar. Stårheim meiner vi er ei aktiv jordbruksbygd, og dei fleste av gardane rundt elva blir drivne med slått og beiting.

Vi har måtta laga ein veg ned til elva oppe ved Nyberg for å kunne suge opp vatn til vatning av bl.a. åkervekstar og til silopress i tørkeperiodar med ein nokolunde overkomeleg tidsbruk under oppsuginga. I tørre periodar er ei stor nok vassføring viktig. Klimaendringane gjer det særleg viktig å ha tilgjengeleg nok vatn til å kunne dyrke mat.

I den nordre delen av elva finn vi fleire store våtmarker som er avhengig av godt tilsig av vatn for å vere gode leveområde for det biologiske mangfaldet. Vi veit lite om korleis reguleringa har påverka desse myrområda. Vi saknar eit godt kunnskapsgrunnlag bygd på dagens kunnskap om viktigheita til slike våtmarksområde.

Nord og sør for Fannstøylen ligg det myrområde med eit biologisk mangfald som er avhengig av vassføring i elva. Ikkje minst er vassføringa viktig for den lakseførande delen av elva.

Stårheim elveeigarlag krev difor no når konsesjonsvilkåra skal reviderast at det vert etablert eit fullgodt system for vassmåling og at det vert Tussa sitt ansvar og oppgåve å sørge for at minstevassføringa er oppfylt.

Vi kjenner til NVE sin veileder frå 2012 som ei orientering om løysingar:  
Slipp og dokumentasjon av minstevannføring for små vassdragsanlegg med konsesjon.

Med venleg helsing  
Stårheim elveeigarlag

*Ole Martin Rafshol*

v/leiar Ole Martin Rafshol 913 82 379 olemartin.rafshol@gmail.com